



Slepet går forbi Skorpo tysdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Seismikk-testen som vart gjennomført i Storsundet dei to første vekene av dette året tok måndag til att og skal pågå denne veka, får uskedalen.no opplyst av Svein Langeland. Testen har Børnes som base og utgangspunkt.



Slepet går forbi Skorpo måndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det som skjer i denne testveka er bygd på erfaringane frå januar. Måleutstyr er skifta ut for å få betre resultat og for å optimalisera testen, seier Langeland.

Dei har også bytta ut båten som vart nytta i januar med ein større og kraftigare båt - Eide Fighter. Halsnøy-firmaet stilte slepebåt til disposisjon også i januar.

Langeland stiller som sist med kranutstyret på kaia til testen og Maritim Service har hatt ansvaret for samanstillinga av komponentane.

Det som konkret skjer er at CGG Veritas testar ein ny norsk/dansk seismikkteknologi. Testinga gjeld ein ny type seismiske deflektorar som aukar effektiviteten. Deflektorane er laga av Mørenot som også har patent på produktet. Dei er produsert av høgkvalitets komposittmaterial og er konstruerte slik at ein kan auka talet på optakskablar som blir trukke etter båten. På den måten sparar ein også drivstoff.

Av Ola Matti Mathisen

